

17.12.2009

Uklart kor elevane skal gå

Uskedalen skule kan verta skule for dei vel 60 elevane frå Bringedalsbygda frå 2013.

Rådmannen meiner at skulevurderingssaka vart gjort lovleg, noko ei gruppe frå mindretallet er usamdi i, og har sett fram krav om lovlegkontroll. Saka kjem opp i kommunestyret i dag - torsdag.

Elevane frå Bringedalsbygda er midt i dette diskusjonsfeltet: Skal dei på den av skulane, Uskedalen eller Underheim, som kvar av dei ønskjer, eller skal dei samla gå på Husnes eller i Uskedalen.

Mange tolkar fleirtalsvedtaket slik at kvar elev kan velja kva skule kva dei vil. Slik les også rektor Vidar Haugland i Uskedalen vedtaket. Han synst det er eit rart vedtak som vil skapa mange praktiske, planleggingsmessige og økonomiske vanskar for skulen og kommunen, og vera miljøøydeleggja for bygda Bringedalsbygda.

Gunnar Røssland, gruppeleiar i Venstre, seier at dette ikkje var meinings med framleggelsen - slik det vart framstilt for han. Han vedgår at kanskje kan vedtaket vera litt uklårt laga.

-Det er ikkje noko snakk om val for kvart av den enkelte elev. Det vil verta kaos for kvar skule, skyssing og kommunen, og vera uheldig for bygda. Heile bygda må velja ein av skulane - Uskedalen eller Underheim.

Velja

Røssland seier at gode krefter i Herøysundet no må setja seg saman å finna ut kva skule dei vil velja. Dei som må vera med på dette, er FAU, foreldra og bygda elles. Vonlegvis vil dei koma fram til ein sams uttale, som såleis kan veljast, og rså bør rådmannen leggja det inn i skulevurderinga som han er påplagt skal vera ferdig i februar.

-Kva trur du sjølv bringedalsbydarane vil velja?

-Eg ser ikkje bort frå at det verta Husnes. Her er kyrkja og gravplassen deira, dei høyrer til Husnesungdomsskulekrins og er med i Husneskommuneplanområde. Elles vil vel enkelte også seia arbeidsmessig- og forretningsmessig soknar bygda utover. Kulturelt greier bygda seg stort sett sjølv, men her kan vel Uskedalen like ofte som Husnes veljast.

Men kringsgrensene er i alle fall oppheva mellom bygdene, så her er det opna for begge deler, men den kortaste skulevegen for dei fleste er Uskedalen.

Men ein del millionar kroner må setjast inn i opprustning av skulen før Herøysundetelevane kan koma dit - om dei vil - 2013

Men det vert vel Husnes som vert valt, skal vi tru Røssland, og mange fleire.

Rådmannen

Kvinnheringen har snakka med rådmannen om det lovlege i vedtaket. Både han og Senterpartisjef, Knut Prestnes, vil gjerne ha saka til Fylkesmannen til sakshandsaming vurdering. Prestnes seier at tvert om så kan det berre vera sunt at vi får ei vurdering frå Fylkesmannen i denne saka.

Rådmannen avviser overfor Kvinnheringen at saka om endring av skulestrukturen hadde ei manglande skuleutgreiling. Han avviser og påstandane frå dei fire (Bjarne Berge, Gunn Mari Moberg, Thorleif J. Hellesøy og

Ole Torbjørn Holmedal) som krev lovlegkontroll om at krinsane ikkje har fått løyve til å seia meiningsa si om alternativet det vart røysta over.

Kjernen

-Kjernen i alternativet som vart røysta over når det gald Bringedalsbygda, er at denne skulen vert lagt ned. Dette alternativet er utgreidd, og krinsane har fått uttala seg til denne utgreiinga, skriv rådmannen, som viser til grunnskulelova til kommunestyremøte i dag.

'Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast, eller ved den skolen i nærområdet som dei sokner til'.

Rådmannen påpeikar dessutan at eleven i utgangspunkt ikkje berre har ein rett til å gå på nærmeste skule, men også ei plikt.

Kvinnheringen skriv at han viser til at dei fleste elevane ved Bringedalsbygda skule vil få Uskedalen skule som nærmeste skule, andre til Undarheim.

Avviser

Rådmannen avviser og at vedtaket i kommunestyret var klart i strid med gjeldande kommuneplan, slik det vert hevda av dei fire klagarane.

Han rår kommunestyret til å oppretthalda vedtaket frå november, og senda saka over til Fylkesmannen til lovlegkontroll.